



Notat

Dato: 05.04.2017
Arkivsak: 2017/736-40
Saksbehandlar: eirkniv

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Turskiltprosjektet 2017

Samandrag

Føremålet med turskiltprosjektet er å bidra til auka og trygg friluftsfersdsle der folk bur og oppheld seg, gjennom informasjon, skilting og merking.

Det kan søkjast frå frivillige organisasjonar og foreiningar (idrettslag, speidar, grendelag, velforeiningar, turlag, interkommunale friluftsråd m.fl.) registrert med organisasjonsnummer i det offentlege frivillighetsregisteret. Kommunar, reiselivsorganisasjonar, hytteforeiningar og andre interessentar kan søkje saman med ein frivillig organisasjon eller eit interkommunalt friluftsråd.

Generelt:	
Budsjett 2017:	1 594 500 kroner
Søknadsfrist 2017:	15.februar
Til orientering	KIRU 26.04.17
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

2017:	
Tal på søknadar:	18 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	18 søknadar
Samla søknadssum:	1 521 806 kroner
Fordelt:	1 288 000 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til fordelinga:

Fullmakt til fordeling av midlar til merking og gradering av turløyper vart delegert til tildelingsgruppa for Hordaland i sak PS 5/2017 om retningslinjer og fullmakter på kultur- og idrettsområdet, handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling 18.1.2017.

Innan fristen 15. desember 2016 søkte Hordaland fylkeskommune Gjensidigestiftelsen om kr 970.000 i støtte. Søknaden vart innfridd med kr 824 500. Tilskotet føreset ein eigenandel på 50 % frå fylkesnivå i form av fylkeskommunale og kommunale midlar. Eigenadelen for 2017 er finansiert slik: kr. 770.000 av fylkeskommunale midlar og resten i kommunale midlar.

Ved søknadsfristen 15. februar 2017 kom det inn 18 søknadar med tiltak i 20 kommunar. Den 28. mars vart tilgjengelege midlar i Hordaland fordelt, i samråd med tildelingsgruppa i Hordaland; representantar frå Bergen og Hordaland Turlag, Bergen og Omland Friluftsråd, kultursjef i Askøy kommune, Gjensidigestiftelsen og seksjon idrett og friluftsliv i Hordaland fylkeskommune. Søknadane vart vurdert i samanheng med andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar til friluftsliv og fysisk aktivitet. Det er krav om 50% eigne ressursar (dugnad og/eller eigne midlar) og at ein representant frå søkar skal gjennomføre kurs i nasjonal merkestandar, eller dokumentere tilsvarende kompetanse på feltet. Kurs vert gjennomført på Bømlo torsdag 11. mai og i Kvam 12. mai kl.17.00 - 21.00.

Tildelingsgruppa vedtok å lyse ut resterande midlar saman med restbeløp frå inndraging av midlar (2016) og overskot frå Vestlands-prosjektet (2011-2013) til saman kr 421.000, 15. august med søknadsfrist 15. september.

	Namn på søkjar	Kommune	Tiltak	Tildeling
1	Lindås kommune	Lindås, Austrheim, Masfjorden, Meland og Radøy	Lindås - skilting og merking av turløyper - del 2	176 000
2	Bergen og Hordaland Turlag	Eidfjord, Lindås, Modalen, Odda, Samnanger, Ulvik, Vaksdal og Voss	Turkort for populære turområder i Hordaland	50 000
3	Bømlo Turlag	Bømlo	Sti merking Bømlo	116 000
4	Framtid for Lykling	Bømlo	Gullgruveprosjekt 1	15 000
5	Framtid for Lykling	Bømlo	Gullgruveprosjekt 2	11 000
6	Stord kommune	Bømlo, Fitjar og Stord	Padleruter Sunnhordland	107 000
7	Stord Fitjar Turlag	Stord	Turløyper Fitjarfjellet	38 000
8	Granvin turlag	Granvin	Merking av fjelløyper i Granvin	132 000
9	Kvam Næringsråd	Kvam	Turstiar i Kvam	208 000
10	Kvinnherad Turlag	Kvinnherad	Vedlikehald av 69 merkte turstiar i Kvinnherad	25 000
11	Modalen kommune	Modalen	Nedstavatnetområdet	27 000
12	Os kommune	Os	Tursti frå Midtsæter til Sveningen og Rødsfjellet	82 000
13	Forbundet KYSTEN	Radøy	«Vannet venter» - synleggjering av roruter	35 000
14	Radøy kommune	Radøy	Storheistø – Grønfjellet - Peparen	27 000
15	Radøy kommune	Radøy	Solendfjellet – Nøttveitveten - Morkefjellet	40 000
16	Sund Turlag	Sund	Tyssøy, Sundskogen og Skaganeset	100 000
17	Ryvarden Kulturfyr KF	Sveio	Turveg til Ryvarden	54 000
18	Ulvik næringslag	Ulvik	Vandrestiar i nærmiljøet Ulvik	45 000
				1 288 000

Vedlegg: Oversikt over søknader med grunngjeving.